

Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN  
Norge

Vår sakshandsamar  
Maria Makloufi Skjold

Vår dato  
16.06.2021  
Dykkar dato

Vår referanse  
21/00384-3  
Dykkar referanse  
2021/2254

## Høyring: Planprogram for regional plan for klima 2023–2035.

Vi syner til utsendt sak på høyring og ønskjer å kome med innspel til høyringsdokumenta.

Klimaendringane er det største miljøproblemet i vår tid, og landbruket er ei næring som har fått kjenne på konsekvensane av meir ekstremvær. Bønder opplever styrtregn og hagl som hindrar innhausting, lengre periodar med tørke eller nedbør som hindrar ein god vekstsesong. Samstundes opplever vi matjord som forsvinn i ras og flaum. Landbruket skal gjere sin del for å redusere klimagassutsleppa, men det må skje på ein måte som ikkje går ut over matproduksjonen.

Fylkeskommunen sitt arbeid med klimatilpassing og klimagasskutt er viktig for næringa vår. Det er positivt at klimaplanen også fokuserer på korleis vi kan tilpasse oss klimaendringane. Vi meiner at hovudområda og plantema er gode, og har innspel til nokre av tema:

**Reduserte klimautslepp.** Vi føreset at Stortinget sitt overordna mål for norsk jordbruk vert lagt til grunn i planarbeidet. Landbruket har inngått ei klimaavtale med regjeringa som syner korleis klimagassutsleppa skal reduserast og karbonopptaket i jord aukast fram mot 2030. Vi har utarbeida Landbrukets klimaplan, med åtte satsingsområde for kutt i klimagassar og auke av karbonopptaket i jord. Denne planen kan nyttast i arbeidet med plantema klimautslepp.

**Redusere klimafotavtrykket.** Vestland har mange lokale ressursar som kan nyttast for å redusere det totale klimafotavtrykket. Landbruket kan bidra med mellom anna lokalprodusert mat og grunnlag for verdiskaping i andre næringar. Utmarksbeite vil bidra til mindre fôrimport, og innovasjon innan alternative proteinkjelder som tang og tare og larver, kan vere med å auke norskandelen i kraftfôret. Å kutte klimautslepp ved å minske import og samtidig støtte lokalt næringsliv, er etter vår meining ei god tilnærming til dette plantemaet.

**Trygt og robust Vestland.** Klimatilpassinga må vere retta mot forholda på Vestlandet. Landbruket risikerer store konsekvensar av til dømes ras, flaum og tørke, men kan også bidra i arbeidet med naturbaserte løysingar. Bøndene har kunnskap og erfaringar som er nyttige inn i eit tverrfagleg samarbeid om beredskap og klimatilpassing. Vi vil oppfordre fylkeskommunen til å involvere landbruksnæringa i beredskapsplanlegging og plan for klimatilpassing.

### Utgreiingsbehov

Eit av dei viktigaste verktøya landbruket har for å drive og dokumentere klimasmart matproduksjon, er klimakalkulatoren. For at bøndene skal ha nytte av kalkulatoren, må parametrane som ligg i kalkulatoren vere så gode som mogeleg. I store deler av Vestland er det ikkje gjennomført jordsmonnkartlegging. Dette gjer at kalkulatoren vert unøyaktig og litt mindre motiverande å bruke. Det er difor viktig å få fortgang i kartlegginga i fylket vårt.

**Bondelagets Servicekontor AS**

**Norges Bondelag**

Postadresse: Hafstadvegen 21, 6800 FØRDE, Tlf: 57 83 70 80  
Besøksadresse: , 5257 KOKSTAD  
Bankkonto: 8101.05.12891, **Org.nr.:** 985063001 MVA  
vestland@bondelaget.no, www.bondelaget.no/vestland

**Bankkonto:** 8101.05. 91392  
Org.nr: 939678670

**Medverknad.**

Vestland Bondelag ønskjer gjerne å bli involvert i det vidare planarbeidet. Vi sett pris på at medverknadsprosessen vert prioritert, og at planprogrammet nemner landbruksorganisasjonane som ein viktig samarbeidspart. Landbruket skal produsere mat med mindre klimagassutslepp og samstundes tilpasse seg klimaendringane. Det er ikkje ein enkel prosess, og det er viktig at landbruket får delta i arbeidet som skal leggje premissene for både utsleppsreduksjon og tilpassing.

Med venleg helsing

Elektronisk godkjent, utan underskrift

*Anders Felde*